

## Jarskar

Jarskar er ein fråflytta gard som ligg flott til oppe i fjellsida mellom Skarbø og Vestre. Frå parkeringa må du først gå opp mot byggefeltet og så ta til høgre mot Skarbøen i den første skarpe venstresvingen. Du må gå gjennom tunet på garden Skarbøen for å komme til stien vidare mot Jarskar. Dette er eit flott kulturlandskap. Turen går jamt oppover på ein gammal gardsveg og har fantastisk utsyn mot Storfjorden. Jarskar er eit turmål i seg sjølv og gardsvegen sluttar her. Men det er råd å gå vidare til Vestre på god sti og skogsveg. Den går over i bilveg ned til hovudvegen siste stykket. Langs heile hovudvegen tilbake til parkeringsplassen er det gang- og sykkelveg. Dermed blir dette ein fin rundtur.

### Andre turmål

I den småstein fjøra på Vestre er det ein badeplass. Det går grusveg frå hovudvegen ned til nausta og strandå. Her er ikkje parkeringsplass. Besøkande med bil må finne ein stad å parkere i avkøyrsla ved hovudvegen.

### Naturtips

Ekorn trivst godt i dette området. Her er mykje hasselskog, og på hasselnøtter du finn på bakken er det ofte spor av både mus og ekorn. Og kikar du godt på sprekkar i trea kan du finne nøtter som fuglane har festa for å klare å opne dei. Nøtter som er ete av mus er ofte heile med eit hol gnagd av små tenner for å kome til sjølve kjerna. Ekorn treng faktisk trening for å bli ekspertar på å opne nøttene. Om du undersøker heile og delte nøtter på bakken kan du sjå om det er eit ungt ekorn med lite erfaring som har vore på ferde. Det ser du av spor etter tenner som har glidd på skalet i staden for å kløyve nøtta. Men finn du nøtter som er kløyvde med berre eit lite snitt på oppsida, utan andre spor, er dei opna av eit eldre og erfarent ekorn. Våre ekorn er aktive heile vinteren, og nokre samlar forråd (matlager) til den kalde årstida. Då får dei også vinterpels. Gråverk, som er namnet på pels frå ekorn som vart skotne om vinteren, var i middelalderen sett på som svært eksklusivt. Men ikkje så eksklusivt som hermelin. Hermelin er den kvite vinterpelsen til røyskatt.

Informasjon om kulturminne finn du på nettstaden: [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

### Parkering og buss

Den einaste parkeringsplassen ligg på nedsida av hovudvegen ved Skarbø skule. Utanom skuletid er det råd å parkere ved skulen.

Det er ikkje busstopp i dette området. Det går bussruter forbi i retning Valldal. Bussen stoppar kanskje på førespurnad. Bussruter: [www.frammr.no](http://www.frammr.no) eller ring 177.

### Turtips:

[www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)  
[www.morotur.no](http://www.morotur.no)  
[www.godtur.no](http://www.godtur.no)

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå [www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)

### Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS, Foto: Eli Cathrine Kjersem, May Britt Haukås og Synnøve Hole.

# Jarskar

Turen til Jarskar er ein flott tur gjennom eit levande kulturlandskap og lauvskog.



Parkering



Badeplass



Vandring på bilveg – gul stipla



Sti – kvitstipla



Forminne



Gang- og sykkelveg heil gul linje

**TURKORT!**

Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.



# Jarskar

